



# Arbeidsmarknadsprognose

NAV Vestland

desember 2019 – desember 2020

---

## Innhold


1. Samandrag.....	4
2. Om prognosen.....	5
2.1. Regioninndeling for Vestland i prognosen .....	5
2.2. Om PANDA-modellen .....	5
2.3. Næringsinndeling i PANDA.....	5
3. Økonomiske utsikter .....	7
3.1. Internasjonal økonomi .....	7
3.2. Norsk økonomi .....	7
3.3. Utsikter for Vestland fylke.....	7
4. Tilbodssida .....	8
4.1. Yrkesfrekvens .....	8
4.2. Arbeidsstyrke.....	8
4.3. Yrkesfrekvens og arbeidsstyrke etter region.....	8
5. Etterspurnadssida etter næring (PANDA-kategoriar).....	10
5.1. Om det samla estimatet .....	10
5.2. Jordbruk, skogbruk og fiske.....	10
5.3. Oljeutvinning og rørtransport .....	11
5.4. Industri og bergverksdrift.....	11
5.5. Kraft, vann og renovasjon .....	11
5.6. Bygge- og anleggsverksemd .....	12
5.7. Varehandel .....	12
5.8. Reiseliv, servering og overnatting .....	13
5.9. Transport og lagring .....	13
5.10. Diverse tenesteyting.....	13
5.11. Helse, undervisning og offentlig sektor.....	14
6. Tilpassing på arbeidsmarknaden .....	15
6.1. Stramheit.....	15
7. Regionale overslag.....	17

## Tabellar og figurar

Tabell 1: Venta endring i bruttoledigheita i regionane i 2020. * prognoserte tal.....	4
Tabell 2: Næringsinndeling PANDA .....	6
Tabell 3: Prognose på yrkesfrekvens etter aldersgrupper i Vestland 2019 - 2020 .....	8
Tabell 4: Prognose på befolkning og arbeidsstyrke i Vestland 2019 - 2020.....	8
Tabell 5: Prognose på yrkesfrekvens etter regionar i Vestland 2019 - 2020 .....	9
Tabell 6: Prognose på befolkning og arbeidsstyrke i regionane i Vestland 2019 - 2020.....	9
Tabell 7: Utvikling i talet på sysselsette etter bustad 2013 - 2018. Prognose for åra 2020 - 2022.....	17
Tabell 8: Utvikling i talet på bruttoledige 2017 - 2019. Prognose for 2020 .....	17
Figur 1: Utvikling i bruttoledigheita i Vestland 2014-2020. * prognoserte tal.....	4
Figur 2: Regioninndeling i prognosen.....	5
Figur 3: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Alle næringar .....	10
Figur 4: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Jordbruk, skogbruk og fiske .....	10
Figur 5: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Oljeutvinning og rørtransport ..	11
Figur 6: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Industri og bergverksdrift .....	11
Figur 7: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Kraft, vatn og renovasjon.....	11
Figur 8: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Bygginge- og anleggsverksemd.....	12
Figur 9: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Varehandel.....	12
Figur 10: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Reiseliv, servering og overnatting .....	13
Figur 11: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Transport og lagring .....	13
Figur 12: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Diverse tenesteyting .....	13
Figur 13: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Helse, undervisning og offentleg sektor.....	14
Figur 14: Stramheita etter grovyrke i Vestland. 2019 mot 2015.....	15
Figur 15: Stramheita etter region i Vestland. 2019 mot 2015.....	16
Figur 16: Dei strammaste yrka i Vestland med meir enn 2 utlysingar i månaden .....	16
Figur 17: utvikling i talet på bruttoledige 2017 -2019. Prognose for 2020 .....	18

## 1. Samandrag

Dei økonomiske utsiktene for Vestland i 2020 er nokså gode. Vekst i norsk økonomi trekkjer i positiv retning, samstundes som effektane av oljeinvesteringane i 2018 og 2019 skal gi auka eksport i 2020. Vestland har i 2019 eit nivå på ledigheita som er om lag på landssnittet. Effektane av oljednturen har no blitt normalisert. Vi ventar ein ytterlegare reduksjon i bruttoledigheita (heilt ledige og arbeidssøkjjarar på tiltak) på 7 prosent i 2020. Indikasjonane viser at det er en god etterspurnad frå næringslivet etter nye arbeidstakarar, og særleg i samband med tenesteyting og helsetenester. Vi ventar ein relativt låg befolkningsvekst og auka yrkesdeltaking.



Figur 1: Utvikling i bruttoledigheita i Vestland 2014-2020. \* prognoserte tal

Det er regionale forskjellar innanfor Vestland, og det er venta relativt større vekst i sysselsetjinga i Bergensområdet, og mindre i Sogn og Voss og Hardanger. Det er også til dels eit stabilt trekk at dei urbane og oljepåverka områda rundt Bergen står for mykje av svingingane i sysselsetjinga i Vestland, mens dei meir tynt folkesette indre strøka har meir stabilitet over tid. Påverknaden på bruttoledigheita varierer med grad av pendling mellom regionane.

Tabell 1: Venta endring i bruttoledigheita i regionane i 2020. \* prognoserte tal

Bruttoledighet %	2019	2020*	% Endring
Vest	3,2 %	3,0 %	-6 %
Bergen	3,1 %	2,8 %	-7 %
Midthordland	2,8 %	2,4 %	-10 %
Nordhordland	2,2 %	2,2 %	0 %
Sunnhordland	2,2 %	2,1 %	-4 %
Nordfjord	2,1 %	1,9 %	-9 %
Sunnfjord	1,9 %	1,7 %	-10 %
Voss og Hardanger	1,7 %	1,5 %	-10 %
Sogn	1,5 %	1,4 %	-2 %
VESTLAND	2,6 %	2,4 %	-7 %

Det er venta nedgang i ledigheita i alle regionar i 2020 i varierende grad. Sogn og Nordhordland vil ha meir stabilitet, medan dei andre regionane går ned med mellom 5 og 10 prosent. Nivået på ledigheita vil være høgast i Bergen og region Vest, medan den vil være lågast i Voss og Hardanger og tidlegare Sogn og Fjordane.

## 2. Om prognosen

Prognosen for Vestland er basert på tall for bruttoledighet, som viser til dei offisielt heilt ledige og arbeidssøkjjarar i tiltak. Dette vil vi referere til som ledige i fortsettinga. På etterspurnadsida nyttar vi estimat på sysselsetjing etter næring, rekna ut ved hjelp av PANDA-modellen.

### 2.1. Regioninndeling for Vestland i prognosen

I prognosen for Vestland i 2020, lagar vi estimat i utviklinga på regionalt nivå. Desse regionane svarar til større bu- og arbeidsmarknadsregionar i Vestland. I dokumentet vil kvar av regionane bli skildra saman med venta utvikling i arbeidsløysa og sysselsetjing i næringane for 2020. Regionane vi nyttar i denne analysen vil ha følgjande inndeling av kommunar (pr 2019):

Bergen: Bergen

Sunnhordland: Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad

Voss og Hardanger: Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Kvam, Vaksdal

Midthordland: Fusa, Samnanger, Os, Austevoll


Vest: Sund, Fjell, Øygarden, Askøy

Nordhordland: Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Solund

Sunnfjord: Flora, Hyllestad, Høyanger, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Førde, Naustdal

Sogn: Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster

Nordfjord: Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen, Stryn



Figur 2: Regioninndeling i prognosen

### 2.2. Om PANDA-modellen

Til utrekningar av endringar i sysselsetjinga har vi nytta oss av PANDA-modellen. PANDA står for plan- og analyseverktøy for næring, demografi og arbeidsmarknad, og er eit økonomisk-demografisk modellsystem utvikla for bruk i regional analyse og overordna planlegging i fylke og samanslutningar av kommunar. I modellen blir økonomiske makrotal kopla saman med framskrivingar av befolkning for å modellere konsekvensar og samanhengar mellom blant anna økonomien og sysselsetjinga. For meir informasjon, sjå heimesida til PANDA-modellen:

<https://www.pandaanalyse.no/pandamodellen/>

### 2.3. Næringsinndeling i PANDA

PANDA brukar ei noko annleis næringsinndeling enn NACE-definisjonane som SSB brukar. PANDA har 50 næringsgrupper, som vi har slått saman til 10 hovudkategoriar som gir mest mening for analyse. Merk særleg offentleg sektor, der PANDA berre opererer med «kommunal» og «statleg

tenesteyting». For å få ei analyseining som lar seg samanlikne, la vi då også inn private tenester, og kalla den for «Helse, undervisning og annan offentleg forvaltning». Vi laga også ein stor kategori for tenesteyting som inneheld alle tenester så nær som oljeutvinning og turisme, som vi lagar egne kategoriar for.

Nedanfor er ein figur som viser korleis dei 50 PANDA-næringane sorterer i dei 10 gruppene vi har valt å bruke.

Tabell 2: Næringsinndeling PANDA

Jordbruk, skogbruk og fiske	1 Jordbruk, jakt og viltstell 2 Skogbruk 3 Fiske og fangst 4 Akvakultur (Fiskeoppdrett)
Oljeutvinning og rørtransport	5 Utvinning av råolje og naturgass, rørtransport 6 Tjenester tilknyttet utvinning av råolje og naturgass
Industri og bergverksdrift	7 Bergverksdrift 8 Fiskeforedling 9 Produksjon av næringsmidler (unntatt fiskeforedling) 10 Produksjon av tekstil- og bekledningsvarer 11 Produksjon av trelast og trevarer 12 Produksjon av papir og papirvarer (Treforedling) 13 Grafisk produksjon og reproduksjon av innspilte opptak 14 Oljeraffinering, kjemisk og farmasøytisk industri 15 Produksjon av gummi- og plastprodukter 16 Produksjon av mineralske produkter (glass og keramiske produkter, sement og betongprodukter) 17 Produksjon av metaller (jern og stål, aluminium mv) 18 Produksjon av metallvarer (inkl. konstruksjoner) 19 Produksjon av datamaskiner, elektroniske produkter og elektrisk utstyr 20 Bygging av skip og båtar, oljeplattformer og moduler 21 Produksjon av maskiner og andre transportmidler 22 Produksjon av møbler og annen industriproduksjon 23 Reparasjon og installasjon av maskiner og utstyr
Kraft- og vannforsyning	24 Produksjon og distribusjon av elektrisitet, fjernvarme og gass 25 Vannforsyning og avløp, gjenvinning av avfall og miljørydding
Bygge- og anleggsvirksomhet	26 Bygge- og anleggsvirksomhet
Varehandel	27 Handel med og reparasjon av motorkjøretøy 28 Engros- og agenturhandel (utenom motorkjøretøy) 29 Detaljhandel (utenom motorkjøretøy)
Transport og lagring	30 Utenriks sjøfart, supplybåtar 31 Innenriks sjøfart 32 Land- og lufttransport 33 Lagring og andre tjenester tilknyttet transport 34 Post og distribusjonsvirksomhet
Reiseliv, servering og overnatting	35 Overnattings- og serveringsvirksomhet 43 Reiselivsvirksomhet
Diverse tjenesteyting	36 Forlagsvirksomhet, Film-, video- og musikkproduksjon, radio- og fjernsynskringkasting 37 Telekommunikasjon, informasjonsteknologi og informasjonstjenester 38 Finansiell tjenesteyting og forsikringsvirksomhet 39 Omsetning og drift av fast eiendom 40 Faglig, rådgivende og teknisk tjenesteyting 41 Forskning og utviklingsarbeid 42 Utleievirksomhet, arbeidskrafttjenester 44 Vaktjenester og annen forretningsmessig tjenesteyting 45 Reparasjon av husholdningsvarer, datamaskiner og annen personlig tjenesteyting 48 Kunstnerisk og kulturell virksomhet, sport og fornøvelser, medlemsorganisasjoner og internasjonale
Helse, undervisning og offentlig sektor	46 Privat undervisning 47 Private helse-, pleie- og omsorgstjenester 49 Kommunal tjenesteyting 50 Statlig tjenesteyting

## 3. Økonomiske utsikter

### 3.1. Internasjonal økonomi

Det er venta at verdsøkonomien går inn i ein lågkonjunktur i åra framover. Vekstestimata for dei aller fleste økonomiane i verda er justert ned samanlikna med perioden 2015-2018. Særleg er forventningane til Euro-området labre. I sum er prognosane for Noregs handelspartnarar justert ned frå mellom 2,5 og 3 %, til mellom 1,5% (SSB) og 1,8% (IMF) for 2019-2022. Noko av årsaka til at veksten vart tatt ned, er usikkerheita rundt handelskonflikten mellom USA og Kina. Situasjonen rundt Brexit i Storbritannia ser ut til å ha stabilisert seg slik at det blir ein avtale med EU om ein overgangsperiode. Når det gjeld oljeprisen, anslår SSB at i 2020 og framover så vil tilbodet vekse raskare enn etterspurnaden, slik at oljeprisen vil gå jamt nedover frå 64 dollar fatet i 2019 til om lag 54 dollar i 2022. I sum er det ein forventning om lågkonjunktur internasjonalt med lågare vekst dei neste åra samanlikna med dei siste 4 åra.

### 3.2. Norsk økonomi

For Noreg ventast det at oppgangskonjunktoren held fram dei neste par åra også. Etter store investeringar i olje og gass i 2019, er det venta ein solid auke i Noregs BNP i 2020 og 2021 som følgje av auka eksport av dette. Innan 2022 er det venta at denne stimulansen vert mindre, og farten i økonomien sakk ned til eit meir typisk europeisk nivå. I åra framover vil produksjonen på norsk sokkel flata ut og gå ned, samstundes som oljeprisen ligg an til å gå nedover. Men ser vi på året 2020, ligg det an til å bli eit år med oppgang for Noreg. BNP vil auke og sysselsettinga stige moderat framover.

### 3.3. Utsikter for Vestland fylke

Vestland vil vere prega av utsiktane til oljebransjen. I Vestlandsindeksen så er forventningane til framtida stabile på eit relativt høgt nivå, og aller høgast er forventninga hos dei bedriftene som er tungt tilknytt olje- og gassverksemd. Sidan mykje av veksten i Noreg i 2020 er knytt til eksport av olje og gass, kan det ventast ein tydelegare impuls i høve til sysselsetting og økonomisk aktivitet i Vestland samanlikna med landet. Difor er det grunn til å vente ei auke i sysselsetting og ein nedgang i arbeidsløysa for Vestland i 2020.

#### Kjelder:

SSB. (2019) Konjunkturtendensene 2019/4. Tilgjengeleg frå:

<https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/attachment/405883?ts=16ed0c88ad0>

DNB. (2019). Økonomiske utsikter august 2019. Tilgjengeleg frå:

<https://www.dnb.no/portalfont/nedlast/no/markets/analyser-rapporter/norske/okonomiske-utsikter/HR190822.pdf>

Sparebanken Vest. (2019). Vestlandsbedriftene er i gang med grønn omstilling, Rapport 4 - 2019. Tilgjengeleg frå:

<https://www.spv.no/om-oss/b%C3%A6rekraft/vestlandsindeks>

## 4. Tilbodssida

### 4.1. Yrkesfrekvens

Med yrkesfrekvensen meiner vi kor stor del av befolkninga som er i arbeidsstyrken. Når arbeidsmarknaden blir betre og ledigheita fell, vil yrkesfrekvensen gjerne auke som ein direkte konsekvens. Basert på utviklinga dei siste åra, reknar vi med ein svak auke dei to neste åra.

Tabell 3: Prognose på yrkesfrekvens etter aldersgrupper i Vestland 2019 - 2020

Aldersgrupper	Arbeidsstyrke	Befolkning*	Yrkesfrekvens	Prognose yrkesfrekvens	
	2018	2018	2018	2019	2020
15-19 år	14936	39645	0,377	0,380	0,382
20-24 år	31398	43761	0,717	0,720	0,722
25-29 år	37894	45078	0,841	0,844	0,846
30-39 år	75611	84659	0,893	0,896	0,898
40-49 år	74562	84166	0,886	0,889	0,891
50-59 år	67147	78775	0,852	0,855	0,857
60-74 år	35809	95552	0,375	0,378	0,380
<b>15-74 år</b>	<b>337357</b>	<b>471635</b>	<b>0,715</b>	<b>0,718</b>	<b>0,720</b>

\* Gjennomsnitt 1/1-18 og 1/1-19

### 4.2. Arbeidsstyrke

For å rekne ut arbeidsstyrken i 2019 og 2020 har vi nytta befolkningsframskrivingar frå SSB og dei justerte yrkesfrekvensane. Når det gjeld befolkningsframskrivingane, har vi valt å bruke middelalternativet med låg innvandring, då dette verker mest sannsynleg på kort sikt. Ser vi på aldersfordelinga, er det størst auke i dei eldre aldersgruppene frå 50 år og oppover. Det er nedgang blant dei under 30, og meir stabilt for 30-49-åringane. Aldringa av arbeidsstyrken i Vestland ser ut til å helde fram, og blir meir aksentuert når vi ikkje har like mykje innvandring som i tidlegare estimat.

Tabell 4: Prognose på befolkning og arbeidsstyrke i Vestland 2019 - 2020

Aldersgrupper	Befolkning prognose*		Prognose yrkesfrekvens		Prognose arbeidsstyrke		Endring arbeidsstyrke
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	
15-19 år	39517	39261	0,380	0,382	15016	14998	-19
20-24 år	43334	43148	0,720	0,722	31200	31153	-47
25-29 år	44653	44312	0,844	0,846	37687	37488	-200
30-39 år	85023	85354	0,896	0,898	76181	76648	467
40-49 år	83394	82777	0,889	0,891	74138	73754	-384
50-59 år	79681	80617	0,855	0,857	68128	69089	961
60-74 år	97211	98437	0,378	0,380	36746	37406	660
<b>15-74 år</b>	<b>472813</b>	<b>473905</b>	<b>0,718</b>	<b>0,720</b>	<b>339095</b>	<b>340535</b>	<b>1439</b>

\* Alternativ MMML justert for differanse mellom prognose og observert tall for 2018.

### 4.3. Yrkesfrekvens og arbeidsstyrke etter region

Vi har justert yrkesfrekvensane i regionane etter utviklinga dei siste åra. Dei er høgast i Midthordland og regionane i tidlegare Sogn og Fjordane. Vi reknar med ein auke i alle regionar, men litt differensiert.



Tabell 5: Prognose på yrkesfrekvens etter regionar i Vestland 2019 - 2020

Region	Arbeidsstyrke	Befolkning*	Yrkesfrekvens	Prognose yrkesfrekvens	
	2018	2018	2018	2019	2020
Bergen	153417	213846	0,717	0,720	0,722
Sunnhordland	30507	43538	0,701	0,704	0,706
Voss/Hardanger	21295	29891	0,712	0,715	0,717
Midthordland	16945	23354	0,726	0,730	0,732
Vest	35077	49173	0,713	0,715	0,716
Nordhordland	23463	33483	0,701	0,704	0,706
Sunnfjord	24055	33289	0,723	0,725	0,726
Sogn	15431	21292	0,725	0,728	0,730
Nordfjord	17168	23769	0,722	0,724	0,726
<b>Vestland</b>	<b>337357</b>	<b>471635</b>	<b>0,715</b>	<b>0,718</b>	<b>0,720</b>

\* Gjennomsnitt 1/1 1919 og 1/1 1920

I tabellen under har vi rekna ut prognosar på arbeidsstyrken i regionane, basert på befolkningsframskrivingar og dei justerte yrkesfrekvensane. Ser vi på kor veksten i arbeidsstyrken kjem, er den konsentrert i Bergen og området med pendlarkommunar rundt Bergen; Midthordland (Os), Vest og Nordhordland.

Tabell 6: Prognose på befolkning og arbeidsstyrke i regionane i Vestland 2019 - 2020


Region	Befolkning prognose*		Prognose yrkesfrekvens		Prognose arbeidsstyrke		Endring arbeidsstyrke
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	
Bergen	213974	214132	0,720	0,722	154061	154603	542
Sunnhordland	43528	43548	0,704	0,706	30644	30745	101
Voss/Hardanger	29808	29703	0,715	0,717	21312	21297	-15
Midthordland	23678	23958	0,730	0,732	17285	17537	252
Vest	49916	50646	0,715	0,716	35690	36263	573
Nordhordland	33722	33930	0,704	0,706	23740	23955	215
Sunnfjord	33163	33053	0,725	0,726	24043	23997	-47
Sogn	21252	21222	0,728	0,730	15472	15492	20
Nordfjord	23772	23708	0,724	0,726	17211	17212	2
<b>Vestland</b>	<b>472813</b>	<b>473905</b>	<b>0,718</b>	<b>0,720</b>	<b>339095</b>	<b>340535</b>	<b>1439</b>

\* Alternativ MMML justert for differanse mellom prognose og observert tal for 2018

## 5. Etterspurnadssida etter næring (PANDA-kategoriar)

Vi har estimert etterspurnaden i arbeidsmarknaden ved hjelp av PANDA-modellen. Desse utrekningane er baserte på forskjellige økonomiske indikatorar og arbeidsstaden til verksemdene. Utrekningane kan tas ut etter næringer som vi igjen har delt opp i næringsgrupper, som skildra tidlegare i dokumentet. Her følgjer ein gjennomgang av desse næringsgruppene, samt av estimatet totalt. Grafane visar prosent endring i sysselsetjinga år for år. Heil line visar faktiske tal 2014-2018, medan dei stipla linjene er vår prognose for 2019-2022.

### 5.1. Om det samla estimatet




#### Brot i statistikken

I 2015 endra SSB datakjelder for sysselsetjingsstatistikken. Det førte til at sysselsetjingstala blei lågare. Nedgangen vi ser frå 2014 til 2015 er difor ikkje reell. Unntaket er dei oljerelaterte næringane, der det nok også var ein reell nedgang.

Figur 3: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Alle næringar

Dei siste åra har sysselsetjinga totalt sett utvikla seg positivt. Samla sett forventar vi at auken i sysselsetjinga går noko ned att frå 2018-nivået, og legg seg på om lag 1 prosentpoeng pr år i fortsetjinga, med ein svakt fallande trend i 2021 og 2022. For 2020 utgjer det ei auke på om lag 3 600 sysselsette i fylket.


### 5.2. Jordbruk, skogbruk og fiske



Figur 4: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Jordbruk, skogbruk og fiske

Dette er ein nokså liten næringsgruppe i tal, som svingar litt opp og ned historisk sett. Ut frå våre utrekningar, ligg det an til ein liten reduksjon i talet på sysselsette her fram mot 2022. Det er då særleg innan jordbruket vi ventar ein reduksjon. For fiske og fiskeoppdrett ventast òg ein liten nedgang, men meir stabilitet over tid. For 2020 vart det 50 færre sysselsette i disse næringane.


### 5.3. Oljeutvinning og rørtransport



Figur 5: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Oljeutvinning og rørtransport

Etter dei store investeringane og utbyggingane i 2018 og 2019, ser vi ingen grunn til at denne næringsgruppa skal sysselsette stort fleire enn den gjer i dag. Estimatet her framover er då ganske stabilt fram mot 2022 på eit nivå som ligg noko lågare enn høgdepunktet i 2014. Stabilt i 2020.


### 5.4. Industri og bergverksdrift



Figur 6: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Industri og bergverksdrift

Industrien ble ramma ganske hardt av oljenedgangen i 2015. Ein del av nedgangen frå 2014 til 2015 skuldast brotet i statistikken, men det var nok også ein reell nedgang i sysselsetjinga. Ein liten oppgang i 2018 til tross, vi forutset at næringa held seg om lag stabil dei neste åra og. Industrien blir stadig meir automatisert og spesialisert, slik at næringa sitt sysselsetjingspotensial blir lågt framover òg. For 2020 vart det om lag 150 nye sysselsette.


### 5.5. Kraft, vann og renovasjon



Figur 7: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Kraft, vatn og renovasjon

Stor oppgang i 2018, som vi ventar at fell ned att til snittnivået i fylket. Den forventa veksten dreier seg hovudsakleg om renovasjon og vassforsyning. Totalt sett ei lita næring når det gjeld sysselsetjing, som har noko rykk og napp frå eit år til eit anna. Om lag 50 fleire sysselsette i 2020.


## 5.6. Byggje- og anleggsverksemd



Figur 8: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Byggje- og anleggsverksemd

Ei konjunktursensitiv næring, men som stort sett veks frå år til år. Nokså høg vekst i 2014-2019 ( med unntak for 2015, som for ein stor del skuldast brot i statistikken). Veksten forventast å minka dei komande åra, ettersom forventningane til investeringar i bustad er fallande over tid. For 2020 ventast det likevel ein grei vekst som utgjer om lag 200 fleire sysselsette.


## 5.7. Varehandel



Figur 9: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Varehandel

Varehandelsnæringa sysselset mange menneske i Vestland, om lag 36 000. Dette talet er nokså stabilt etter nedgangen i 2015 (som skuldast brot i statistikken). Vi legg til grunn at talet på sysselsette vil halde fram på om lag dagens nivå, og auke forsiktig fram mot 2022. For 2020 utgjer det om lag 140 fleire sysselsette.


## 5.8. Reiseliv, servering og overnatting



Figur 10: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Reiseliv, servering og overnatting

Reiselivet har hatt variabel vekst i sysselsetjinga i dei føregåande åra. Etter sterk vekst i 2017, kom det ein liten korreksjon i 2018. I sum legg vi likevel til grunn at næringa vil følgje den overordna trenden for fylket. For 2020 utgjer det om lag 180 nye sysselsette.


## 5.9. Transport og lagring



Figur 11: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Transport og lagring

Transportnæringa har hatt nokre år bak seg med nedgang i sysselsettinga. Ein del av nedgangen i 2015 skuldast brot i statistikken, men nedgangen har også i stor grad samanheng med utviklinga innan oljesektoren. Effekten av oljekrisa har vart lenge for denne gruppa. Med nokså gode økonomiske utsikter generelt, legg vi til grunn at sysselsettinga stabiliserer seg. For 2020 ligg det då an til 80 fleire sysselsette i næringa.

## 5.10. Diverse tenesteyting




Figur 12: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Diverse tenesteyting

Denne næringsgruppa tek opp i seg mange forskjellige tenester. Det vere seg vikarbyrå og vektarar

på den eine sida, og rådgjevingstenester med høge utdanningskrav på den andre. Mange av desse næringane er gjerne konsentrert i urbane strok i fylket. Dei siste par åra har det vore solid vekst i denne næringa år for år, med ein topp i 2018. Vi legg til grunn til at veksten går noko ned igjen, men framleis vil næringa ha høgare vekst enn den typiske for fylket. For 2020 utgjer det ein auke på om lag 1 000 sysselsette samla.

### 5.11. Helse, undervisning og offentlig sektor



Figur 13: Faktisk og prognosert prosentvis endring i sysselsetjinga. Helse, undervisning og offentlig sektor


Denne næringa tar opp i seg om lag all offentlig verksemd, samt dei private undervisnings- og helsetenestene. Dette utgjer i sum om lag 120 000 sysselsette i fylket, eller meir enn ein tredjedel av alle sysselsette. Innafor disse næringane veks sysselsettinga sterkare enn snittet for fylket, mellom 1,5 og 2 % kvart år. Helsesektoren er den store drivaren for dette, både i offentlig og privat regi. Vi legg til grunn at dette held fram også i fortsetjinga, men med noko dalande kurve fram mot 2022. For 2020 utgjer det totalt sett ein auke i sysselsettinga på om lag 1 700.

## 6. Tilpassing på arbeidsmarknaden

### 6.1. Stramheit

Når vi snakkar om stramheita i arbeidsmarknaden, dreier det seg om kor godt tilbudet av stillingar matchar kompetansen til dei som er arbeidsledige. Tala som brukast her, er gjennomgåande stillingstilgangen delt på gjennomsnittleg behaldning av bruttoledige.

Stramheita er størst innan helse, pleie og omsorg, undervisning, akademiske yrke og ingeniør- og ikt-fag. Samanlikna med 2015, er det ein auke i alle hovudkategoriane.




Figur 14: Stramheita etter grovyrke i Vestland. 2019 mot 2015

Stramheita i Vestland samla sett ligg nokså tett på landet dei siste åra. Men det er store sprik internt i fylket.


Av regionane, ser vi at det er Sogn, Sunnfjord og Voss og Hardanger som har særleg stramheit. Vest og Midthordland har på sin side ein langt mindre stram arbeidsmarknad. Dette kan sporast tilbake til den siste auka i ledigheita som særleg råka dei Bergensnære stroka frå 2015 til 2017.

Det ser ut til at det er ei deling mellom dei mindre sentrale regionane som i større grad får ei utfordring med å skaffa kvalifisert arbeidskraft, samtidig som man i dei Bergensnære regionane framleis har noko utfordringar med å få fleire i arbeid.



Figur 15: Stramheita etter region i Vestland. 2019 mot 2015

Dei seks strammaste yrka i Vestland i 2019, er alle innan helsesektoren. Aller strammast er ambulanspersonell, følgt av jordmødrer, ergoterapeutar og legespesialistar. Alle desse yrka har hatt ein stor auke i stramheita sidan 2015.



Figur 16: Dei strammaste yrka i Vestland med meir enn 2 utlysingar i månaden



## 7. Regionale overslag

Vi har laga prognosar for regionane både når det gjeld arbeidsstyrke, sysselsetjing og arbeidsløyse. Arbeidsstyrken for regionane er rekna ut ved hjelp av framskrivingar av befolkning og yrkesfrekvensar for aldersgruppa 15-74 år sett under eitt. Sysselsetjingsprognosane er henta frå Panda og er rekna om frå arbeidsstadkommune til bustadkommune.

Tabellen under viser sysselsette etter bustad i regionane i 2017 og 2018 og prognose for 2019 og 2020. Vi ventar vekst i sysselsetjinga i alle regionane. Størst vekst ventast i regionane rundt Bergen, mens det er venta minst vekst i Voss/Hardanger og dei tre nordlegaste regionane.

Tabell 7: Utvikling i talet på sysselsette etter bustad 2013 - 2018. Prognose for åra 2020 - 2022.


	Faktiske tal		Prognose	
	2017	2018	2019	2020
R01 Bergen	142 543	145 323	146951	148458
R02 Sunnhordland	28 857	29 313	29514	29761
R03 Voss og Hardanger	20 475	20 658	20686	20797
R04 Midthordland	15 790	16 212	16706	17071
R05 Vest	32 444	33 139	33730	34319
R06 Nordhordland	22 177	22 514	22810	23126
R07 Sunnfjord	23 149	23 291	23395	23486
R08 Sogn	14 751	15 042	15203	15290
R09 Nordfjord	16 672	16 729	16943	17044
<b>Vestland</b>	<b>316 858</b>	<b>322 221</b>	<b>326721</b>	<b>330332</b>

Tabellen under viser utviklinga i arbeidsløysa frå 2017 til 2019, samt prognose for 2020. Vi ventar nedgang i arbeidsløysa i alle regionane. Størst nedgang i arbeidsløysa er venta i Voss/Hardanger, Midthordland og Sunnfjord. I Voss/Hardanger er det låg vekst i arbeidsstyrken som vil slå mest ut på ledigheita, mens det Midthordland er auka sysselsetjing som vil slå mest ut. Minst Nedgang ventar vi i Nordhordland og Sogn.

Tabell 8: Utvikling i talet på bruttoledige 2017 - 2019. Prognose for 2020

	2017	2018	2019	2020*
1 Bergen	6001	5258	4701	4360
2 Sunnhordland	1213	818	678	650
3 Voss og Hardanger	510	390	356	320
4 Midthordland	605	504	467	420
5 Vest	1588	1321	1128	1060
6 Nordhordland	848	663	522	520
7 Sunnfjord	560	523	454	410
8 Sogn	246	211	224	220
9 Nordfjord	337	359	353	320
VESTLAND	11907	10047	8883	8280
NORGE	93709	81939	77707	

Figuren under viser arbeidsløseprosenten i regionane i 2019 og 2020 (prognose). Arbeidsløysa er høgast i Bergen og regionane med pendleavstand til Bergen. Arbeidsløysa er i 2019 lågast i Voss/Hardanger og tidlegare Sogn og Fjordane. Dette trur vi også vil vere tilfelle i 2020.



Figur 17: Brutto arbeidsløseprosent etter region i 2019 og 2020